

Vestlandsrådet

Saksutredning:

MULIGHEIT FOR SAMORDNING AV DEI INTERNASJONALE STRATEGIANE PÅ VESTLANDET

Trykte vedlegg: Mulighet for samordning av dei internasjonale strategiane på Vestlandet
Utrykte vedlegg:

... Sett inn saksutredningen under denne linja ↓

Samandrag

I Vestlandsrådet sitt møte 22. oktober 2012 vart følgjande vedtak gjort: «[Vestlandsrådet] oppfordrar AU til å sjå på muligheita til å samordne dei ulike fylka sitt arbeid med å revidere dei internasjonale strategiane».

Arbeidet med nye eller reviderte internasjonale strategiar i dei fire vestlandsfylka er kome på veldig ulike stadium i prosessane. Fylka har òg ulike utgangspunkt i høve til kva ein tenker skal inkluderast i desse strategiane og kva for form dei skal ta. Det er difor vanskeleg å samordne sjølve strategiprosessane eller -dokumenta. Samstundes er det klart at det er eit stort potensiale når det gjelder samordning mellom vestlandsfylka på tiltakssida innanfor det internasjonale arbeidet. Vestlandsfylka har fleire samanfallande innsatsområde innan det internasjonale arbeidet og vi deltar allereie i mange av dei same nettverka, både nasjonalt og internasjonalt. Potensiale for samarbeid er difor stort både for politiske samarbeid, gjennom å jobbe saman på den europeiske arenaen for å betre rammevilkåra for Vestlandet, og for samarbeid knytt til konkrete aktivitetar og prosjekt.

Etter fylkesrådmannens vurdering er det naudsynt at det vert gjort ei kartlegging av fylkeskommunenes aktiviteter på området i dag. Vidare bør en sjå på korleis det kan bli eit tettare samarbeid mellom fylka på administrativt nivå for å fremja dei internasjonale strategiane. Når det gjeld nye vekstøkonomiar, som BRIKS-landa, er det viktig å bruka tid på å setta seg inn i saka før ein gjere konkrete samarbeidsvedtak.

... Sett inn saksutredningen over denne linja ↑

Forslag til vedtak:

::: Sett inn innstillingen under denne linja ↓

- Vestlandsrådet vil søkje ei samordning av konkrete tiltak innan det internasjonale arbeidet i dei einskilde fylkeskommunane der dette er formålstenleg.
- Vestlandsrådet utnemner _____ som Vestlandet sin representant i Europapolitisk forum.
- Vestlandsrådet ber om at det vert gjennomført eit forprosjekt for å vurdera muligheita for ei samordning av tiltak på Vestlandet i høve til BRIKS-landa (Brasil, Russland, India, Kina,

Vestlandsrådet

Sør-Afrika) inkludert ein felles plan for kompetanseuke på BRIKS og liknande vekstøkonomiar.

- Vestlandsrådet vil be Vest-Norges Brusselkontor og Stavangerregionens Brusselkontor om å utforme eit forslag til kompetanseplan for EU/EØS-kompetanse

::: Sett inn innstillingen over denne linja ↑

Tore Eriksen

Fylkesrådmann

Vestlandsrådet

Dette dokumentet er godkjent elektronisk og har derfor ingen signatur.